

BARONIET ROSENDAL



Årsmelding 2024

Baroniet Rosendal, Den Weis–Rosenkroneske Stiftelse

Innhald

<i>Innleiing</i>	2
<i>Nøkkeltal</i>	4
<i>Styret si melding</i>	5
<i>Formidling</i>	8
<i>Kulturprogram.....</i>	11
<i>Kommersiell drift</i>	14
<i>Kunnskapsproduksjon</i>	15
<i>Forvaltning</i>	18
<i>Vedlikehald og oppgraderingar</i>	20

Innleiing

Baroniet Rosendal, Slottet frå 1665, mellom fjord, fonn, fjell og fossefall, representerer fortida i notida, eit lite eventyr i verkelegheita, ei lita flukt frå kvardagen. Også i 2024, i eit annleis år i baroniet sin 360 år gamle historie, lukkast den vedunderlege nasjonale kulturskatten, nok eit år å vinna ein plass i hjarta til sine mange vitjande. Akkompagnert av eit rikhaldig kulturprogram, der Rosendal kammermusikkfestival trona med den største festivalen nokon gong.

Vona må vera å ynskja dei vitjande på gjensyn som ei indre lengsle i dei om å stadig venda attende, returnera med nye vener, skapa nye relasjonar gjennom generasjonar. Framtida vil syna oss korleis Baroniet ivaretek denne plassen inst i hjarta, men den foreløpige kjensla er at det heilt unike vesle slottet, med den bugnande rosehagen, i den frodige parken, omkransa av dei majestetiske fjella, vaks litt, og gjorde hjartene litt mildare, litt venlegare, litt rolegare, i ei stadig meir framand verd, også denne sesongen.

Driftsåret 2024 har vore annleis på fleire måtar og på fleire områder; etter 42 år var det direktørskifte, med naturlege organisatoriske og administrative endringar. Organisatorisk vart det før sesongen tilsett ny kjøkkensjef og ny sjef for overnatting og besøkssenter, og seinare på året ny økonomiansvarleg og ny driftsansvarleg. I tillegg vart forskningskompetansen gjenoppretta, med professorkompetanse i deltidsstillingar både for historisk formidling og for hagen og parken. Administrativt vart det implementert nytt økonomisystem, ny mal for rekneskapsrapportering, og nytt personalplanleggingssystem. Drifta denne første sesongen for ny direktør, har vore fokusert på å oppretthalda baroniet sin posisjon som ein anerkjend kulturarena, samstundes som museumsdrifta har vorte revitalisert.

Ein må framheva det enorme arbeidet tilsette i hage, park og gard, saman med nye tilsette i drift og administrasjon, har lagt ned for å få gjennomført ein vellukka sesong også i 2024, på trass av store endringar og utskiftingar. Frå opninga av sesongen 18. mai, med Hennar Majestet Dronning Sonja til stades, til porten til slottet vart lukka 1. september, var det full drift i alle delar av organisasjonen, og eit omfattande kulturprogram vart levert. Ikkje før har Rosendal kammermusikkfestival vore så stor som i 2024, med over 60 musikarar på scenen under den 9. kammermusikkfestivalen. Festivalen tok denne sesongen også bygda i bruk, med konsertar i Steinparken og festivalkro på Nerhuslåven. Eit slikt løft som sesongen 2024 har vore, lar seg ikkje gjennomføra utan svært kompetente og positive tilsette, innleigde og sesongarbeidarar.

Ein må og særskilt takka Baroniet sine sponsorar, som bidreg monaleg til realiseringa av unike opplevingar i bevarte unike omgjevnader. Den største takken skal likevel Baroniet Rosendal sine vitjande ha - utan vitjande, ingen levande, bevart og tilgjengeleg nasjonal kulturskatt.

Hjarteleg velkomen attende til Slottet frå 1665, mellom fjord, fonn, fjell og fossefall!

Rosendal, 25.02.25

Anna Lena Flatland
Direktør



Dronning Sonja kasta glans over sesongopninga

Foto: Grenda

Nøkkeltal for 2024

Samla driftsinntekter	34 591 502
Driftstilskot Kulturdepartementet	2 285 000
Driftstilskot Vestland fylkeskommune	1 769 836
Driftstilskot Kvinnherad kommune	1 400 000
Driftstilskot UIO	4 341 000
Andre offentlege tilskot	1 624 172*
Billettinntekter slottet	3 039 000
Billettinntekter konserter	3 081 545
Billettinntekter Kammermusikkfestivalen	1 448 284
Eigeninntekter i prosent av omsetning	66,99%
Billettsal	7 568 829
Lønn og sosiale kostnader	14 014 836
Driftsresultat	- 2 122 457**
Betalande besøkande	45 800
Tal selde billetteiningar	73 985
Besøktal heimeside	191 000 ***

*Produksjonstilskot jordbruk, Vestland fylkeskommune- øyremerka, Norsk kulturråd

**Ikkje medrekna uteståande innbetalingar pålydande ca. NOK 800 000,-

*** Unike brukarar

Styret si melding for året 2024

Baroniet Rosendal er i dag eit samleomgrep for dei delane som er igjen av det opphavlege bygnings- og kulturmiljøet som hørde til godset Rosendal; Slottet frå 1665, Rosendal Have, Rosendal Avlsgard, Fruehuset, Husmannsplassen Treo, Omshagen og Hattebergdalen, kulturlandskapet mellom fjord, fonn, fjell og fossefall, samt ei rekkje bygseltomter, skogsreservat og freda kulturlandskap. Alt dette er restar av den storslåtte gáva på om lag 516 gardsnummer som familien Weis-Rosenkrone skjenka Universitetet i Oslo i 1927.

Etter mottak av gáva, oppretta UiO Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske stiftinga, som har forvaltningsansvaret, og sørgjer for at drifta følgjer stiftinga sine statuttar nedfelt i donasjonsbrevet frå 1927, revidert i 1992, 2013 og 2019.

Styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga

Styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga (DWRS) blir peika ut av styret for / rektor ved Universitetet i Oslo; 4 representantar med 3 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje: Studentparlamentet (1 representant med personleg vararepresentant), Vestland fylkeskommune (1 representant med personleg vararepresentant) og Kvinnherad kommune (1 representant med personleg vararepresentant).

Styremedlemar for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga

Kategori	Styremedlem	Periode	Vara
Styreleiar	Arne Benjaminsen	01.08.24 31.07.28	Johannes Falk Paulsen
Ekstern	Ellen Horn	01.01.25 31.12.26	Tove Kristin Karlsen
Ekstern	Idar Kreutzer	01.01.25 31.12.26	Ikkje oppnemnt
Studentparlamentet UiO	Henrik Vincent Vassal	20.06.24 20.06.25	Thomas Tangen
Studentparlamentet UiO	Petter Linge Hessen	20.06.23 20.06.24	
Universitetet i Oslo	Håkon Glørstad	01.01.24 31.12.27	Aud Valborg Tønnesson
Kvinnherad kommune	Synnøve Solbakken	2024-2027	Oddbjørn Kroka
Vestlandet fylkeskommune	Silje Nordtveit Olsen	2023-2027	Aslaug Hellesøy

Styret sin aktivitet

Styret har hatt 3 styremøte i 2024 og handsama 14 saker.

Personale/ Tilsette


Baroniet Rosendal har hatt 9,36 årsverk fast tilsette i 2024 og 9,96 årsverk sesongtilsette. Samla årsverk i 2024 var 19,32.

Likestilling, HMS og arbeidsmiljø

Baroniet Rosendal har i 2024 hatt eit sjukefråvær på 2,5 % mot 4,4 % i 2023. Sjukefråværet skuldast langtidsjukemelding og planlagde operasjonar. Det er ikkje registrert nokon større skadar i 2024. To tilsette har gjennomført 40 timars HMS-kurs, og alle tilsette gjennomførde fyrstehjelpskurs under opplæringshelga for sesongtilsette i april.

Av dei 16 fast tilsette var 10 kvinner og 6 menn. Av dei 79 timetilsette var 55 kvinner og 24 menn. Styret i Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse bestod av 3 kvinner og 4 menn, og av varamedlemmene var 3 kvinner og 3 menn.

Organisasjonskart



Miljø og ENØK

Baroniet Rosendal har ingen produksjon eller verksemd som kan seiast å ha negativ påverknad på utemiljøet i form av utslepp og forureinande stoff. Bruk av naturgjødsel har erstatta mykje av bruken av kunstgjødsel. Det blir berre brukt naturlege sprøytemiddel i Rosendal Have. Klimaavtrykket til kvar enkelt sau er ikkje rekna ut, heller ikkje den positive verknaden stiftinga sine 9.000 mål skog har i klimasamanheng.

Museet har kjøpt inn el-bil og robotplenklippar, og vil på sikt bytte ut traktorar og plenklipparar til elektrisk når det finst fullgode alternativ på marknaden. Solcellepanel på den nye driftsbygninga er under vurdering, samt varmepumper og graving etter grunnvarme på Avlsgarden. Det blir arbeidd med å finne alternativ til lagring og behandling av biologisk avfall og betre sikring mot avsig frå rundballar. Det er òg forbod mot bruk av sprøytemiddelet Roundup på eigedommen til Baroniet Rosendal.

Sentrale risiko og uvissefaktorar

Baroniet Rosendal er det museet i Noreg med høgast krav til inntening. I 2024 var Baroniet Rosendal sin eigeninntening på heile 66,99 % av omsetting. Til samanlikning så låg Hardanger og Voss museum på 36 % i 2023. Baroniet Rosendal er svært sårbare i høve til dårleg vêr som slår direkte ut på besøkstalet. Kostnadane til straum, lønn og varer har gått opp, noko som betyr at Baroniet Rosendal sin kjøpekraft har gått vesentleg ned. For å møte dette, bør ein arbeide for å få opp det offentlege faste tilskotet slik at ein ligg på same nivå som museum med tilsvarande besøkstal. Slik kan Baroniet Rosendal lettare levera museumstenester i tråd med samfunnsoppdraget.

Rekneskap

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rettvisst bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver og støtte til Baroniet Rosendal i 2024. Styret er òg svært takksame for engasjementet dei tilsette ved museet legg ned for å halde Baroniet Rosendal og for å gje publikum ein unik oppleving av historie, kultur og natur. Vi vonar at det gode samarbeidet kan halde fram i åra som kjem.

Rosendal, 25.02.25.

I styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske stiftelse:

Arne Benjaminsen
Styreleiar

Idar Kreutzer

Henrik Vincent Vassal

Ellen Horn

Håkon Glørstad

Synnøve Solbakken

Silje Nordtveit Olsen

Anna Lena Flatland
Direktør

Formidling

I skildringa av stiftinga sitt formål står det at: «Stiftelsens formål skal også være aktiv formidling av stedets historie og den kulturarv den representerer (...) og at det hertil og til det til hovedsættet hørende gårdsbruk knyttes virksomhet som er av betydning for Universitetet eller dets studerende og som fører videre tradisjoner som er forbundet med stedet.»

I statuttane for stiftinga står det i §3 og §5 at: (...) og skal elles legge forholda til rette for formidling, forskning med utgangspunkt i anlegget og samlingane (...).

Omvisingar

Baroniet Rosendal er eit universitetstilknytt museum. Det gjer at ein må stilla krav til nivået på formidlinga som ein gjer, ikkje minst gjennom omvising på hovudhuset og i hagen. Det var difor for 2024 laga ei heilt nytt kompendium for omvisarar. Dermed vart forskning gjort på Baroniet Rosendal dei siste 20 åra trekt inn i formidlinga som skjer gjennom omvisingar. Fokus i omvisingane vart òg dreia frå det kunsthistoriske til økonomisk historie, og sosial- og kulturhistorie. Dette var motivert av at ein ønskjer å koma ut av den orsakande formidlinga som har prega norske herregardar, og som har fått utslag i ei estetisert formidling, til ei formidling der ein ser på den generelle norske og europeiske historia med herregarden som prisme.

Det vart i 2024 og tilbydd eigne hageomvisingar, som ledd i ei opptrapping av fokus på hagen og hagehistorie. Denne delen av anlegget, og denne typen historieformidling har òg fått merksemd tidlegare, men satsinga frå 2024 er planlagt skal auka både i omfang og fokus. Dette både fordi hagen var ein del av Baroniet Rosendal, og dermed baroniet si historie, og fordi det er ein stor marknad for formidling av hagehistorie som museet bør retta seg mot.

Det har vorte lagt vekt på opplæring av omvisarar med utgangspunkt i den nye kompendiet, med ny kunnskap og dreining av perspektivet. Denne opplæringa må gjentakast i åra som kjem for å laga ein kultur for den formidlingsretninga ein no har velt. Nytt i 2024 var at alle sesongtilsette måtte delta på obligatorisk opplæringshelg i april. Her gjekk ein gjennom historia, vertskapsrolla, branntryggleik, førstehjelp og rutinar med vidare, og ikkje minst var opplæringshelga viktig sosialt, med felles middag og andre aktivitetar.

Utstilling

Det opna ny båt- og vognutstilling på Baroniet Rosendal i 2024. I praksis vil det seia at ein oppgraderte eksisterande utstilling når det gjaldt miljø og utstillingstekstar. Det var, som for anna produksjon av formidlingstekstar på Baroniet Rosendal, lagt vekt på enkel og klar formidling.

Det er i 2024 og laga ei utstilling om jordbruksutvikling på Baroniet Rosendal på 1800-talet. Ein mogleg lokasjon for utstillinga er gardsrommet mellom løa og hovudhuset på Avlsgarden.

Renessansehagen og landskapssparken er ei levande utstilling og ei forlenging av slottets interiøre samlingar, der hagen og parken formidlar historie og hagekunst til publikum. I 2024 har Baroniet Rosendal aktivt formidla kunnskapen om hagen og parken gjennom omvisingar, samstundes som ein har fortsett det viktige arbeidet med å rehabilitera anlegget.



(Bilete: Det opna ny båt- og vognutstilling på Baroniet Rosendal i 2024.)

Publikumsformidling

Det vart i 2024 arrangert historisk seminar ein laurdag i juni, som det no er ein over 20 år lang tradisjon for. I år var tema Landslova og Gaut på Mel, og gjennom sistnemnte knytt til bakgrunnshistorie for Baroniet Rosendal. Seminaret hadde stor fagleg tyngde, med professorane Erik Opsahl og Randi Bjørshol Wærdahl frå NTNU, og Hans Jacob Orning og Jørn Øyrehagen Sunde frå UIO, som føredragshaldarar. Føredraga vart godt mottatt av dei 150 tilhøyrarane.

Det vart i 2024 og laga tekstar til ein heil serie formidlingsplakatar som ikkje er knytt til ei utstilling, men som skal plasserast rundt på anlegget for å formidla historia til Baroniet til dei som vel å ikkje gå på omvising, på ein hyggeleg og ikkje påtrengjande måte. Det er lagt vekt på å laga svært kort, men informative og lettleslege tekstar.

Det er laga tekstar til plakatar som skal stå på parkeringsplassen. Desse skal gje ei kort innføring i Baroniet si historie, og kopla den til dei to andre herregardsanlegga i Noreg: Larvik og Jarlsberg.

Det er vidare laga tekstar til plakatar som er tenkt plassert på toaletthuset ved bekken, på veg frå hovudhuset til drivhuset. Her vert historia til sentrale personar i Baroniet si historie fortalt. Det er lagt vekt på at kvinnehistoria skal få sin rettmessige plass i formidlinga.

Mellom anna er det historisk seminaret i 2025 via temaet Baroniet Rosendal si kvinnehistorie, med professor Randi Wærdahl frå NTNU, lektor Pernille Ulla Knudsen frå Universitetet i København, og Baroniet sin eigen Jørn Øyrehagen Sunde som føredragshaldarar.

Det er og laga plakatar til hagen. Dei er mindre i storleik og inneheld mindre tekst, fordi dei ikkje skal forstyrra inntrykket av landskapet. Desse vil plasserast på bakkenivå, og dei vil fortelja historia til dei ulike delane av hagen. Det er planlagt at dette kjem på plass til 2025 sesongen.



Kulturprogram

Stamhusbesittar Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone (1823-1896) var svært interessert i både biletkunst, musikk og litteratur. Han var ein nær venn av malaren Hans Gude, komponisten Halfdan Kjerulf, diktaren Jørgen Moe m.fl. Med utgangspunkt i Baroniet Rosendal si kulturhistorie og dei tradisjonar som knyttar seg til staden, har museet sidan 1985 arrangert konsertar, kunstutstillingar, foredrag og teater på Rosendal Slott, og sidan 2016 i Riddersalen på Avlsgarden. I 2024 har følgande kulturprogram vorte gjennomført ved Baroniet Rosendal:

Dato	Arrangement
27. april	Konsert med Rosendal musikklag
Laurdag 18. mai	Sesongopning med konsert ved Leif Ove Andsnes og utstillingsopning med bilete av Marianne Bratteli.
Søndag 19. mai	deLillos med "deLillos vakreste"
Laurdag 25. mai	Historisk seminar om Magnus Lagabøtes landslov og Gaut Jonsson til Mel
Søndag 26. mai	Strupebandet
Onsdag 12. juni	Kulturskulekonsert
Laurdag 29.juni	Filmpremiere og konsert: «Vi lyttar til havet»
Fredag 5. og laurdag 6. juli	Karoline Kruger og Sigvart Dagsland
Fredag 12. juli	elle melle
Laurdag 13. juli	Trygve Skaug
Torsdag 18.juli	Daniel Kvammen
Fredag 19. juli	Frida Ånnevik
Laurdag 20. juli	Helene Bøksle
Søndag 21. juli	Ketil Bjørnstad
Tysdag 23.og onsdag 24. juli	Bjørn Eidsvåg
Fredag 26. og laurdag 27. juli	Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga
Tors- 1., fre- 2. og laurdag 3. august	VAMP
Onsdag 7. – søndag 11. august	Rosendal kammermusikkfestival

Rosendal kammermusikkfestival

Den 9. Rosendal kammermusikkfestival, «Kontraster», vart arrangert 7. – 11.august. Leif Ove Andsnes presenterte sitt største og mest ambisiøse program nokon gong, med 60 musikarar i sving i løpet av fem dagar. Rosendal kammermusikkfestival vart som den einaste festivalen i Noreg i 2024 omtalt i BBC Music Magazine og i Gramophone under tittelen «The summer festival highlights».

Tittel og tema for 2024-utgåva av festivalen var henta frå Bela Bartóks «Kontraster». Det var utgangspunktet for ei fem dagar lang utforsking av ungarsk musikk, med verk av mellom andre Liszt, Kodaly og Kúrtag. Ein direkte kontrast var musikken til Johann Sebastian Bach, som òg var sentral i festivalen.

Eit av høgdepunkta var Johann Sebastian Bach sin «Johannespasjonen» framført av Det Norske Solistkor og eit barokkorkester sett saman for anledninga. Ein tok bygda i bruk under festivalen. Publikum kunne oppleve 15 konsertar i løpet av fem dagar, og nytt i 2024 var at ein i tillegg til på Baroniet og i Kvinnherad kyrkje også arrangerte konsertar i Rosendal steinpark. For fyrste gong vart det og arrangert *Festivalkro*. Denne vart halden på Nerhuslåven midt i Rosendal, i samarbeid med Jazzverket. Dette vart eit flott møte mellom bygda og verda!



“Sommerens største musikkopplevelse fant sted på en låve i Kvinnherad.”

Maja Skanding, Bergens Tidende

Rosendal Kammermusikkfestival arrangerast i samarbeid med

Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen.

Kunstutstilling

Marianne Bratteli var årets Festivalutstillar, i tillegg til ein digital utstilling i Riddersalen med Håkon Blekens «Korsvei». Det vart og laga ein utstillingskatalog med artiklar produsert av professor emeritus Gunnar Danbolt.



(Bilete: Utstilling i Slottet sin vinkjellar og i borgstova.)

Årets utstillar i vinkjellar og Borgstova var Marianne Bratteli. Ho stilte ut maleri, tresnitt og collage. Utstillinga opna 18. mai og stod oppe til 1. september, og var kuratert av professor emeritus Gunnar Danbolt. Bratteli er blant dei fremste kunstnarane våre i dag. Ho arbeider i fleire medium, både med måleri, grafikk og collage, sjølv om det nok er som målar ho har nådd lengst. Bratteli tek ofte utgangspunkt i minne frå barndomen og løftar dei fram i måleri som er prega av breie og særs uttrykksfulle penselstrøk. Og ikkje minst av ein finstemd fargesans. Likevel kan ein ikkje oversjå tresnitta hennar, for dei er òg merkelege, om enn på ein annan måte. Marianne Bratteli er innkjøpt av dei fleste norske musea og har hatt mange store utstillingar, mellom anna på Munch-museet i 2023.

Kommersiell drift

Overnatting

Overnattingsdelen var i drift frå 6. mai til 20. september med totalt 1596 overnattingar. Mai–juni og september var prega av seminar- og gruppegjester, medan juli og august hadde fleire enkeltbesøkande og kombinasjonar med kulturarrangement. På slike dagar var kapasiteten stort sett fullbooka, men det er framleis rom for betre utnytting i hovudsesongen. 2024 var første året med bookingsystemet Sirvoy, som har gitt betre oversikt over bestillingar, reinhald og logistikk. Systemet må vurderast for vidare bruk. Det har vore utskiftingar i alle funksjonar knytt til overnattinga, med fokus på forbetring av rutinar fram mot neste sesong. Mindre utbetringar av dusjanlegga er gjennomført, men større tiltak er nødvendige på sikt.

Butikk

Grunna varelager frå tidlegare vart det i 2024 ikkje gjort store endringar i sortimentet, men noko nye varer vart innført. Inntekter frå sal av suvenirar var om lag likt som tidlegare år. Det ligg eit potensiale i utvida sortiment og presentasjon for å auke omsetjinga og få ein meir tilpassa museumsbutikk.

Restaurant

Sesongen 2024 vart det gjort ei endring frå eit fransk kjøken, til ein meir nordisk profil med fokus på kortreiste råvarer. Kjøkkensjef og alt kjøkenpersonell var nye av året. Det vart gjennomført 18 konsertmiddagar, 3 bryllaup, og elles mange gruppemiddagar og middagar for overnattingsgjester. Baroniet Rosendal fått gode tilbakemeldingar på dei måltida som vart servert, og ein ynskjer å vidareutvikle dette konseptet.

Kafé

Rosendal hagekafé heldt ope frå 18. mai til 1. september 2024, med måndagsstengt i mai, juni og siste halvdel av august. Det vart gjort endringar i menyen for hagekaféen, og det har blitt tilbydt fleire varme måltid i tillegg til smårettar basert på lokale og kortreiste råvarer. Hagekaféen tilbyr ein fast 2-rettars meny for grupper, og det er mange grupper som vel kombinasjonen omvising og lunsj i Drivhuset.

Vi har òg samarbeidd med Rødne Fjordcruise om pakkar som inkluderer båtbillett tur-retur Bergen, omvising og lunsj. Den regntunge sommaren 2024 påverka talet på enkeltbesøkande, og erfaringane frå sesongen viser at det er behov for å effektivisere logistikken for å styrke både omsetning og kunde verdi.

Kunnskapsproduksjon

Nettverk

Baroniet Rosendal arrangerte ein to dagar lang workshop i Rettshistorisk Samling på Universitetet i Oslo om herregardsforskning. Deltakande var leiarar, forskarar og formidlarar frå Vestfold museene, Herregård i Larvik, Jarlsberg stamhus, Høgskolen på Vestland, Lysekloster, Eidsvoll 1814, og Bogstad gard. Føremålet med workshopen var å finna felles forskingstema med tanke på framtidige søknadar om forskingsfinansiering. Godshistorie vart valt som eit innleiande prosjekt, og ein antologi om tema som eit eigna verktøy til å skapa ein forskings- og formidlingsfellesskap. Neste møte i workshopen i 2025 vil finna stad på Baroniet Rosendal.

Baroniet Rosendal har i 2024 finansiert avskriving av rettsprotkollane for Rosendalsgodset for 1719-1785, og vil halda fram med å skriva av i alle fall 1786-1800 i 2025. Avskrivinga vert gjort av spesialist Håkon Aasheim, og har fleire føremål. For det fyrste å få lett tilgjengeleg – som vil seia tilgjengeleg uavhengig av erfaring med å lesa gotisk handskrift – ei sentral kjelde til Rosendalsgodset si historie. Denne skal deretter, for det andre, aktivt nyttast til å formidla historia. Dette skal skje ved at det skal veljast ut og publiserast om einskilde rettssaker, som vert brukt som eit arkimedespunkt til å fortelja om dagleglivet på Rosendalsgodset. For det tredje å inngå i eit større konsortium med Riksarkivet ved leiar for skriftavdelinga Marianne Herfindal Johannessen, og forskargruppa Rett, samfunn og historisk endring ved Juridisk fakultet, for å trenar programvara Transkribus til å lesa gotisk handskrift frå 1700-talet. Baroniet Rosendal engasjerer seg òg i trening av Transkribus til å lesa betre 1800-tals skrift enn tilfellet er i dag, med same føremål.

Årleg museumsnettverk for kulturlandskap og internasjonale bidrag 21. nettverkssamling i Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap: I september 2024 deltok Baroniet Rosendal aktivt i den årlege samlinga for museumsnettverket for kulturlandskap. Ein forskar frå Baroniet var med i utviklinga av programmet og bidrog med foredrag og kunnskapsformidling under arrangementet. Tema for nettverksmøtet: Grøn kulturarv: Hagen til pryd og nytte. Samlingen vart arrangerte på Lillehammer og Hamar, og inkluderte mellom anna foredrag der Baroniets parkanlegg stod sentralt. Foredrag: Annegreth Dietze, Hage og hagekunst og betydninga deira for norsk kulturlandskap

Baroniet Rosendal var også representert på ICOMOS Norges fagdag og årsmøte 2024 i Oslo. Overordna tema for fagdagen var "Evig er berre det eigd tapte – Tap av kulturminne: Kva betyr det for oss?" Foredrag: Annegreth Dietze, leiar av IFLA ISCCL – Cultural Landscapes, heldt ein presentasjon med fokus på kulturelle landskap og bevaring

Forsking

Sidan starten av 2020 har det vore ei omfattande fornying av forskings- og kunnskapsproduksjon knytt til hage- og parkhistorie ved Baroniet Rosendal. Tidlegare har resultata frå denne forkinga vorte rapportert. Ein er no i ein fase der ein aktivt brukar dei forskingsresultata som over tid har vorte samla og utvikla om Rosendals Have. Hovudfokuset ligg for tida på landskapssparken. Gjennom testing og utprøving av ulike tiltak og konstruksjonar basert på forkinga, gjennomførast samtidig evalueringar som gir ny kunnskap. Denne kunnskapen er avgjerande for det vidare arbeidet med oppgraderinga av både parken og hagane, og sikrar at ein kan halda fram det vellykka utviklingsarbeidet.

Eit arbeid med å kopla historiske metodar med digitale verktøy starta i 2020, og har sidan vorte vidareutvikla og formidla gjennom konferansar og publikasjonar. I 2023 vart det publisert ein bloggartikkel retta mot eit internasjonalt publikum, der ein framheva Baroniet Rosendal som døme: [Archives and Digital Technologies - an innovative approach in landscape architecture education | NMBU](#)

I forlenginga av dette arbeidet vart det presentert ein vitenskapleg artikkel under ein internasjonal konferanse i Wien våren 2024. Artikkelen vart publisert i Journal of Digital Landscape Architecture og utforskar bruk av virtuelle verktøy i undervisning av landskapsarkitekturens historie. Igjen er Baroniet Rosendal eit døme og case i arbeidet: Ramzi Hassan, Annegreth Dietze-Schirdewahn, «Virtual Reality as Mediator in Teaching Landscape Architecture History», Journal of Digital Landscape Architecture, 9-2024, s. 958-965.

Ser ein bort frå hagehistorie, så har 2024 i mindre grad vore prega av ny forking på Baroniet Rosendals historie, og meir prega av formidling av kunnskap som er forska fram dei seinare åra. Dette gjeld omvising, utstilling, og utarbeiding av tekstar til informasjonsplakatar. Det er dermed teke eit stort løft for å sikra god kvalitet på formidlinga på museet, som ein skal forventa av eit universitetstilknytt museum.

Men i samband med oppgraderinga av båt- og vognutstillinga vart det gjort ein del arbeid med å finna meir materiale om vognene og særleg båtane på Baroniet. Sjølv om det vart lagt ned myke tid i leiting i Rosendalsarkivet, gav det berre ei viss avkastning i form av ny kunnskap.

Det er òg brukt tid på å få betre oversikt over fotosamlinga på Baroniet Rosendal, med tanke på å bruka den enno meir aktivt i formidlinga. Eit resultat av dette arbeidet, er bruk av eldre foto frå samlinga på Avlsgarden, og til ein viss grad i vogn- og båtutstillinga, samt i den planlagde jordbruksutstillinga.

Det er så vidt gjort ei innleiande undersøking av kva historisk materiale som framleis er bevart på hovudhuset på Baroniet, og som dermed ikkje er ein del av Rosendalsarkivet. Dette arbeidet vil verta intensivert alt våren 2025.

Heilheitleg samlingsutvikling og trygg ivaretaking

Renessansehagen og landskapssparken er ei levande utstilling som rommar ei samling av ulike hageelement, som representerer ulike hagestilar og -epokar. Anlegget inkluderer også eit mangfald av plantesamlingar, med både nytte- og prydvекstar, staudar, buskar og dessutan ulike typar frukt- og parktre.

Sidan 2020 har Baroniet hatt fokus på rehabilitering av landskapssparken. I 2023 byrja rehabiliteringa av stiane som vart vidareførte i 2024. Arbeidet har inkludert oppgradering av dreneringssystem, stabilisering av støttemurar og reetablering av stiar med historisk tilpassa materiale. Alle tiltak vart utførte i tråd med antikvariske prinsipp, med vekt på å bevare det autentiske uttrykket til parken.

Rehabiliteringa sikrar funksjonaliteten til parken som eit historisk og kulturformidlande landskap, samtidig som han varetek aukande behov for overvasshandtering. Arbeidet styrkjer rolla ved å bevare den historiske heilskapen og sikra tilgjengelegheit for besøkjande i den levande utstillinga renessansehagen og landskapssparken representerer.

I følge innlevert statestikk til kulturdepartementet består Baroniet Rosendal sine samlingar av:

- 500 Kunsthistoriske gjenstandar
- 12 200 Kulturhistoriske gjenstandar
- 500 Foto
- 19 Kulturhistoriske bygningar
- 7 andre bygningar
- I tillegg kjem kulturlandskap, hageanlegg, levande samlingar med planter og dyr og arkiv/kjeldesamlingar

Gjenstandssamlinga er registrert på registreringskort. Dette gjeld både den kunsthistoriske og kulturhistoriske gjenstandssamlinga.

Primus er det leiande systemet for samlingsforvaltning for museum og andre kulturvernsinstitusjonar. Systemet ivaretek informasjon om samlingane, samt rutinar og prosessar som er knytt til gjenstandane. Det er starta opp eit arbeid i samarbeid med Universitet i Oslo for å få registrert gjenstandssamlinga i Primus. Arbeidet med dei kunsthistoriske samlingane er godt i gang og vi planlegg å ta fatt på dei kulturhistoriske samlingane når dette arbeidet er ferdig.

Forvaltning

Bevaring og sikring

Vedtektene for Baroniet Rosendal seier at: *«Der skal således til alle tider på en pietetsfull måte vernes om hovedbygningen på Rosendal med deri værende innbo, kunstgjenstander og bibliotek-gjenstander som aldri må skilles derfra den til hovedsættet hørende park og have samt Rosenkrones gravsted på Kvinnherad Kirkegård. Det er Stiftelsen sitt ansvar også å sørge for vedlikehold og vern av hele det unike bygnings- og kulturmiljøet Baroniet Rosendal med verneverdige bygninger, det nære kulturlandskapet som inkluderer Rosendal Avlsgård, Omshagen samt Stiftelsens eiendommer i Hattebergdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark...»*

I statuttane for stiftinga står det i §3 og §5 at Baroniet Rosendal *«skal vyrdsla, verna og halda vedlike bygningane, anlegga og samlingane som høyrer inn under museumsdrifta...»*

Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske (DWRS) stifting eig per 31.12.23 til saman 25 gards- og bruksnummer, der 3 b.nr. er bortbygsla. DWRS sine eigedomar består elles av skogsteigar på til saman 9.372 mål i Fusa, Ølve, Ænes og Rosendal.

Ein god del av desse områda høyrer inn under Folgefonna nasjonalpark (ca. 3.800 mål), medan skogeigedomane i Fusa (3.088 mål) vart freda i statsråd 13.12.2019. Resten av skogane er lokaliserte på Ølve (2.247 mål). DWRS har òg eigedomar i Hattebergdalen landskapsvernområde (ca. 2.000 mål) og i det freda kulturmiljøet Baroniet Rosendal (ca. 350 mål). DWRS sin eigedom er dermed på totalt ca. 11.750 mål.

Ein stor del av museet sine ressursar går med til ordinært vedlikehald av Rosendal Have, herunder Renessansehaven frå 1665, den Romantiske landskapsparken frå 1850 årene, den rekonstruerte kjøkken & urtehagen, samt pleie av kulturmiljøet Baroniet Rosendal. Aukande ekstremvær med påfølgande omfattande skader i hage og landskap, er ei stor utfordring og økonomisk belastning.

Gardsdrifta Rosendal Avlsgard

Rosendal Avlsgard hadde 130 vinterfora sau i 2024. Museet har 7 ulike saueraser; Kvit Sau, Gammelnorsk Spælsau, Cheviot, Pels, Svartfjes, Farga Spælsau og kvit spælsau. Baroniet stilte ut 8 værslam på ei karing i oktober, alle lamma vart kára til premie. Karinga var her i kommunen, men kjøparane kom frå heile regionen/Vestland. Baroniet tok i mot 218 lam i april og hadde ein bra beitesesong med godt slakteresultat hausten 2024. Det er stor rift etter Baronilam og alle blei selde.

Baroniet Rosendal har lang tradisjon for å samarbeide med Norges miljø-og biovitenskapelige universitet om forskingsprosjekt, og det arbeidast med nye søknader nasjonalt og internasjonalt. I høve bemanning så nyttar ein eigne tilsette i hagen til å bistå i gardsdrifta. Dei inngår også i turnusordninga med stiing av dyr i helger og lamma om våren, som er svært tidkrevande. Landbrukstenester Folgefonna har hatt tilsette inne 2 helgar i månaden til foring og stell av sauene, og i lammingsperioden.

Sauene går heile sommaren på beite i det nære kulturlandskapet. Dei er ein attraksjon og estetisk oppleving i seg sjølv, samstundes som dei også er kjærkomne pleiarar av kulturlandskapet.

Skog

Baroniet Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske stiftelse eig ein del skogseigedommar i Kvinnherad og Fusa. Skogen i Fusa vart i Statsråd 13.12.2019 freda som naturreservat etter Naturmangfaldslova. Området inngår no i Baroniet Rosendals heilheitlege forvaltningsansvar.

Vedlikehold og oppgradering

Vedlikehold og oppgraderingar av bygningsmasse

Tabellen syner vedlikehold og oppgraderingar som er utført i 2024:

Hus/bygning	Utbetring/tiltak
Slottet	Testing og ferdigstilling av varmeelement innbygd i gamle vedomnar. Montert testventil/ny stengeventil på sprinklaranlegg.
Båt og vognhus	I 2024 vart utstillinga i vogn og båthuset ferdigstilt og opna til sesongen. Det står att noko arbeid i vognutstillinga. Montert glasvegg mellom vognutstilling og båtutstilling. Laga nye bilete og informasjonsplansjar til båt og vognutstillinga. Montert og stilt inn lyssetting på utstillinga. Kledd mellom sperrene med vindduk og panel i lagerdelen av bygget for å hindre innblåsing av rusk og snø ved sterk vind.
Arbeidshuset	Sett inn ny dør og restaurert dørkarm i iskjellaren. Restaurert golv i gangen inn til kjellaren. Rydda snikkarverkstaden, og lista inn vindauga i vestveggen. Alle vindaugsrammer i sørveggen og nordveggen vart tatt ut, og alle vindaugsrutene er tatt ut og kitta inn på nytt. Dei er så malt med 3 strøk linoljemaling, og klar til innsetting. Alle vegger utvendig malt med 2 strøk linoljemaling. Den gamle teglsteinen er fjerna. Det er også lekter, rekker og sutaksplater. Alt dårleg i det gamle sutaket er skifta ut med nye bord. Det er så lagt impregnerte kryssfinerplater og papp, samt nye lekter og rekker i malmfuru.
Hagekafé og drivhus	På hagekafé og drivhus er det skifta ut rotne dørlister. Det er malt innvendige vegger i drivhus. Montert innvendig renne i drivhuset for å fange opp vatn frå seglduken i skråtak. I hagekaféen er det montert vifte for å kjøle teknisk rom på loftet. Det er også bygd på ventilatorhette over kombidamparen.
Jordkjellar	Laga 2 nye vinduer til jordkjellar. Dei er malt 3 strøk og montert. Det er sett inn ny låsekasse og trykker i ytterdør.
Hagehus	Hagehuset vart malt på aust-, sør- og vestveggen . Det er montert testventil på sprinklaranlegget.

Smio	Smio vart rydda innvendig. Det var svært mykje rot og innblåse lauv. Den gamle grua vart reinska for all laus stein. Pipa som var nedrast vart også tatt ut og steinen tatt vare på. Den gamle blåsebelgen er lagt i ein spesiallaga kasse og tatt vare på for å kunne rekonstruerast. Smio er oppmålt, og det er laga detaljteikningar av alle vegger og konstruksjonar. Det er utarbeida kostnadsoverslag for 3 alternative restaureringsforslag.
Fruehuset	Skifta ut all roten kledning på vestveggen. Alle vindaugskarmar og vindaugsrammer er restaurert. Alle vindaugsruter er tatt ut og kittet inn på ny. Nye profilerte lister og vassbord på alle vindauger på vestveggen. Alt er malt med 3 strøk linoljemaling. Det er fjerna mose på taket på nordsida av huset. På 3 dusjar er det fjerna gamle silikonfuger og så silikonert desse på ny.
Uthuset	Fjerning av mose på alle takflater.
Avlsgarden driftsbygning	Restaurering av vêrhane og klokketårn. Vêrhanen vart restaurert på smia ved smelteverkstomta i Odda. Klokketårnet fekk nytt sutak, og gamle sperrer vart lappa der det var råteskader. Vêrhanen kom på plass igjen på klokketårnet, som til slutt vart malt med 3 strøk linoljemaling. I Hingstestallen vart det reingjort og olja trevegger. Mura veggjar vart klargjort til kalking. Stålgitter vart rustbehandla og malt. Himling i Ridderstuen vart kledd med lydplater samt lydisolasjon for å betre akustikk i rommet. Det vart hengt opp historiske bilete på veggene.
Avlsgarden hovudhus	3 dusjar i hovudhuset vart re-silikonert. Ny innfesting av hengsler på dør frå gang til toalettgang. Trapp til loft 3. etg. var i ferd med å dette frå kvarandre. Den er skrudd saman igjen, og er no trygg å gå i. Reinska alle renner.
Treo	Malt austveggen 3 strøk med linoljemaling. Denne veggen fekk ny kledning i 2023. Fjerna mose på taket mot nord. Tetta lekkasje på taket ved pipa.
Snilstveitstova	Fjerna mose på nordsida av taket. Tetta lekkasje på taket mot nord.
Sauefjøs	Malt/beisa sørside samt vestre og austre gavlvegg.

Verkstad/Vognhus	Malt/beisa aust-, sør- og nordveggen. Laga ny lettvegg for å auke lagerkapasitet på reiskap til hagen.
Skjenefloren og Omshagen	Årleg tilsyn, ikkje utført noko arbeid.

Bygningsteknisk og branntryggleik.

Årleg kontroll av det elektriske anlegget og sikringsanlegget på alle bygningar er avtalefesta og utført av Kvinnherad Elektro. Tilsvarande har ein eit nytt firma som har ansvar for sprinklaranlegga, medan KES AS har ansvaret for ventilasjonsanlegga. Rentokil er engasjert til å føre tilsyn med insekt og skadedyr på heile anlegget. Iteam har kontinuerleg kontroll med varslingsanlegga for innbrot, overvakingsskamera og vasstrykk på sprinklaranlegget. El-tech og Autronica har vedlikehaldskontroll og service av brannvarslingsanlegget på Rosendal Avlsgard, Sauehuset, Maskinhuset, Fruehus og på slottet. Bergen brannvesen har kontinuerleg kontroll med varslingsanlegga for brann. Baroniet Rosendal har elles eit svært godt samarbeid med og mottar uvurderleg hjelp frå Kvinnherad Brannvern og El-tilsynet v/BKK.

Tabellen syner oppgraderingar som er utført i 2024:

Hus/bygning	Utbetring/tiltak
Slottet	Årskontroll på brannsentral og sprinklaranlegg oppgradering på sprinklaranlegg pågår (det fungerer under oppgraderinga). Årskontroll på handsløkkarar og brannslange, samt tilsyn.
Hagekaféen	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og brannslange, samt tilsyn.
Hagehuset	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og sprinklaranlegg, samt tilsyn.
Vogn og båthuset	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og sprinklarsentral, samt tilsyn.
Sauehuset	Årskontroll på brannsentral og handsløkkarar, samt tilsyn
> Treo	Årskontroll på handsløkkarar, samt tilsyn
Avlsgarden	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og brannslangar, samt tilsyn.
Fruehuset	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og brannslangar, samt tilsyn.

System og anlegg

Tabellen syner vedlikehald og oppgraderingar som er utført i 2024:

System/anlegg	Utbetring/tiltak
Økonomisystem	Frå 01.09.2024 Byta vi regnskapsprogram frå Matrix økonomisystem til SP1 – regnskap. Det nye programmet har integrert lønnsystem og elektronisk lagring av billag.
Parkeringsanlegg	Drifta av eksisterande parkeringsanlegg har gjennom sesongen 2024 ikkje fungert optimalt. Drifta har vore prega av fleire driftsstans som har ført til tapte inntekter og ein del utgifter til konsulenthjelp. Ved større arrangement er anlegget sårbart med tanke på at det vert lange køar både ved innkøring og utkøring. Etter sondering og vurdering er det beslutta å inngå leigeavtale med You Park/Finter om drift av parkeringsplassen i sesong f.o.m. sesongen 2025.
Oppgradering til PC-kasse	Innkjøp av nye maskiner sidan programvare var utgått på dato
Nøkkel og låssystem	UIO har hatt ein gjennomgang av alle låser og nøkkelsystem. Det er avdekka behov for betre sikring og oppgradering.

